



Lindås kommune, Byggesak  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	135/1
25. 04. 2012	
Ans. saksnr.	2012/100
Løpnr.	
Saksh.	NININØ
Tilgangskode	

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)  
201202548-5/713.T04/SOLRONG

Dykkar ref.:  
2012/100 - 0 - 6530/2012

Bergen, 20. april 2012

## Lindås kommune - gnr 135 - 1 - Bruksendring av eigedom og etablering av kai og flytebrygge - Fråsegn om kulturminne

Vi viser til søknad om dispensasjon etter pbl § 19. Saka gjeld søknad om bruksendring av eigedom og etablering av kai og flytebrygge på eigdommen gnr. 135, bnr. 1 i Lindås kommune. Vi viser i tillegg til vår e-post med varsel om trong til utvida frist av 13.04.2012.

Hordaland fylkeskommune meiner det er positivt at eigar ynkjer å gjere hovudhuset på Smedholmen tilgjengeleg for ålmenta. Vi ber om at kai i nordaust og flytebrygge i vest vert tilpassa terrenget og tek omsyn til eksisterande mur og gangstiar.

Då tiltaket omfattar sjøareal har saka vore til vurdering ved Bergen Sjøfartsmuseum. Deira uttale uttale er som følgjer:

*Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Solholmen gbnr. 135-1 i Lindås kommune som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Området ligg i eit prioritert område for marinarkeologi grunna at det har vore middelalderkyrkjestad, handelsstad, skipsforlis og varpeboltar i Alverstraumen. Vi anmodar tiltakshavar om å ta hensyn til eventuelle varpeboltar i området. Varping er ein måte for seilskuter å manøvrere seg igjennom straumen på ved å nytta spesielle anker eller varpeboltar for å trekke seg motstrøms.*


*Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.*

*Museet har ingen andre merknader til det planlagde arealinngrepet.*


Elles minnar vi om at tiltakshavar har plikt til å visa aktsemd, og til straks å melda frå til Hordaland fylkeskommune dersom ein i samband med tiltaket skulle støyta på automatisk freda kulturminne (jfr. kulturminnelova § 8, 2.ledd). Slik gransking vil verta utført mindre enn 3 dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

Hordaland fylkeskommune har ingen vidare merknader i saka.

Venleg helsing



Per Morten Ekerhovd  
fylkeskonservator



Solveig Lohne Rongved  
Rådgjevar/arkeolog

Sakshandsamar Nyare tids kulturminne:

Inger Lena Gåsemyr, Spesialrådgjevar, Kultur- og idrettsavdelinga

Kopi: Fylkesmannen i Hordaland  
Gåsemyr, Inger Lena, Kultur- og idrettsavdelinga